



Alle kommunane i Møre og Romsdal

## Informasjon om saksbehandlingsreglar ved omgjerung frå sjukeheim til omsorgsbustad

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er gjort merksam på at fleire kommuner i fylket har omgjort eller planlegg å omgjere sjukeheimsinstitusjonar til omsorgsbustader med individuelt tilpassa tenestetilbod. Fylkesmannen skreiv om einskilte spørsmål i samband med dette i Helse- og sosialmelding for 2008. Meldinga ligg på Helsetilsynet sine nettsider: <http://www.helsetilsynet.no/no/Publikasjoner/Helse-sosialmelding/#moereromsdal>. Fylkesmannen ønskjer i tillegg gjere einskilte presisering av kva ein må kreve av saksbehandlinga.

Utgangspunktet er at kommunane står fritt til å organisere tenestane sine så lenge tilbodet ligg på eit forsvarleg nivå etter ei konkret og individuell vurdering av den einskilte bebuaren. Å avheimle sjukeheim er det i utgangspunktet ikkje noko i vegen med. Samtidig er kommunen i utgangspunktet bunden av sine vedtak om langtidsplass på sjukeheim. For å gjere om desse vedtaka må kommunen ha særskilt heimel.

Sjukeheimsforskrifta § 4-11 regulerer når ein bebuar kan flytte ut av sjukeheim:

*«En beboer kan flytte ut når vedkommende selv ønsker det. For beboer som er senil dement eller som av annen grunn ikke kan ivareta sine egne interesser må ønsket utflytting besluttet i samråd med eventuelle pårørende. Beboer som er inntatt for rehabilitering/ avlastning skal normalt skrives ut til fastsatt tid.*

*Utflytting mot beboerens ønske kan bare finne sted når faglige grunner taler for det og det er ordnet med annet opphold.»*

Sivilombudsmannen har i uttalelse av 6. mars 2008, sak 2006/1997, presisert kva ein må krevje av eit vedtak om utskrivning frå sjukeheim i samband med omgjerung frå sjukeheims plass til omsorgsbustad. Heile Sivilombudsmannen sin uttalelse kan lesast her: <http://www.sivilombudsmannen.no/kap-v-referat-av-saker/46-helsetilsynets-behandling-av-klagesak-om-omgjoering-av-sykehjems plass-til- plass-i-omsorgsbolig-article476-2472.html>

Helse- og omsorgsdepartementet har informert alle landets kommunar og fylkesmenn om uttalelsen i brev datert 3. desember 2008, og skriv i brevet at de iføreset at kommunane ivaretek desse omsyna ved eventuell omlegging frå sjukeheim til omsorgsbustad. Brevet ligg vedlagt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette minne om saksbehandlingsreglane ved omgjerung frå sjukeheims plass til omsorgsbustad. Vi vil særleg presisere at det skal gjerast individuelle utskrivingsvedtak for kvar einskilt bebuar, med grunngeving og opplysing om

klagerett til fylkesmannen. Vi vil i tillegg presisere at kommunen plikter å behandle søknader om sjukeheimplass, sjølv om kommunen ikkje har ledig sjukeheimplass. Slike vedtak skal grunngjevast og det skal opplysast om klagerett til fylkesmannen.

Om det skulle være spørsmål i tilknytning til ovennevnte, så kan dere kontakte vår rådgivar Anders Skorpen på telefon 71 25 85 39.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f)  
Fung. fylkesmann

Christian Bjelke  
Direktør/fylkeslege

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg:

- 1 Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet til alle landets kommunar datert 3. desember 2008